



Austevoll Idrettsklubb
Pb 77
5393 Storebø
Besøksadresse: Austevoll Idrettsanlegg
Kleivhaugen 2, 5392 Storebø

Tilfeldig utleige av Austevolhallen.

1. Det er ikkje høve for privatpersonar eller lag å bruke hallen utan avtale.
2. Inngang til Austevollhallen skjer ved inngang ved bowlinga(G) og inngang ved garderobane (H)
3. Utleige nøkkel ligg i boks utanfor inngang H, kode får de ved å senda melding til 97614067. Nøkkelen består av 1 Chip, som ein bruker på døroppnaren. I tillegg er det ein nøkkel til innedørane.
4. I hallen skal ein bruka innesko event går barføtt med sokkar.
I bowlinga bruker ein bowlingsko.
5. Lysbrytar til bowling og hallen finn du på veggen på vaktrommet.
Lysbrytar til sosialt rom og kiosken , finn de i kiosken.
6. Ein må alltid rydda opp etter seg i hallen.
I bowlinga må ein sprite over kulene ein har brukt, bordet og tastaturet.
7. Ein må sjekkar ALLE dørene før ein går . Inngang G og H i tillegg til naudutgangane. Ta i døra for å sjekke om den er låst.

Kvar finn du kva:

Branntavle- I gangen ved inngang G (ved bowlinga)Hovudtavla er på skulen(inngang A)Ved inngang A er og oppmøteplass for Brannvesenet.

Brannapparat- under bordet på vaktrommet, spelsal, kjøkkenet.

Brannslangar- 1 utanfor garderobe 1 i hallen,1 utanfor buldrerommet og ein ved toaletta i sosialt rom.

Nødutgangar- Inngang G(ved bowlinga) ,inngang H(ved garderobane), Tribune, sosialt rom gjennom skulen, og frå kjøkkenet via vaskerom.

BRANNINSTRUKS FOR TILFELDIG UTLEIGE.

På førehand skal du:

1. vere kjent med branninstruksar som gjeld for Austevollhallen.
2. vite kvar brannsløkkingsutstyr / brannovervakingssystemet i Austevollhallen er.
3. kjenna til rødingsvegar og samlingsstad for evakuering → Kunstgrasbane ved klubbhus



Ved overnatting:

Skal ein overnatta i Austevollhallen, må ein ha vakande nattevakt .I tillegg skal da stå liste på kven som bur i hallen på døra i rommet ein overnattar. Når ein overnattar i hallen må ein informera Brannvesenet om dette, informasjon om kven som bur der , tal på dei som bur der og ansvarleg med mobil nr sendes til hans.bjanesoy@austevoll.kommune.no med kopi til abd@aik.no i god tid før overnattinga skal finne stad.

Det er viktig at den som leiger lokala skal sette seg inn i branninstruks, kor ein finn brannsløkkingsapparat, samt nødutgangar. Blir det unødig utrykking til hallen, blir faktura sendt til leigetakar

Ved brann eller når brannalarmen går:

1. Dersom du oppdagar tilløp til brann, sjå om det er mogleg å slokke brannen.
2. Ring 110 og informer om situasjonen sjølv om alarmen er direktekopl. Er det en unødig alarm, kan ein forhindra utrykking for brannvesenet.
3. Ta på deg ein gul vaktvest, slik at brannmannskapet veit kven dei skal kontakta.
4. Vera pådrivar til å få alle til nærmaste naudutgang og vidare til samlingsstad for evakuering
5. Sjå til at ingen går inn igjen i hallen.
6. Om mulig lukk dører og vinduer
7. Brann og redning sin møteplass på anlegget er ved inngang A.
8. Rapportera til brannmannskap når dei kjem.
9. Sjå til at ingen er i vegen for brannmannskap.